


VESTLAND REVISJON

Kommunale Oppgåvefellesskap



Biletet er generert av KI

Undersøking – Bordgleder Kinn kommune KF

I kva grad er det tilstrekkeleg skilje mellom den konkurranseutsette og den monopolbaserte drifta av Bordgleder Kinn kommune KF

Rapport 26.11.2025

Asgeir Tveit

Statsautorisert revisor/Dagleg leiar

VESTLAND REVISJON

Kommunale Oppgåvefellesskap

Torill Monsen

Revisor

Innhold

1. Undersøking bestilt av kontrollutvalet	2
1.1 Tinging	2
1.2 Avgrensing	2
1.3 Kriterium	2
1.4 Metode	2
2. Resultat av kontrollen	3
2.1 Fører Bordgleder KF separat rekneskap for den konkurranseutsette verksemda	3
2.2 Blir kostnader mellom lovpålagt og den konkurranseutsette verksemda riktig allokert	3
2.3 Blir bruk av kommunale innkjøpsavtaler og prissetjing i den konkurranseutsette verksemda handtert riktig	4
2.4 Mottek Bordgleder KF bagatellmessig støtte	5
3. Tilbakemelding frå Bordgleder Kinn kommunen KF	6
4. Våre funn	6

1. Undersøking bestilt av kontrollutvalet

1.1 Tinging

Kinn kontrollutval gjorde følgjande vedtak i sak 54/24 –

«I kva grad er det tilstrekkeleg skilje mellom den konkurranseutsette og den monopolbaserte drifta av bordgleder kinn kommune KF, jf KS sine tilrådingar»

1.2 Avgrensing

Vestland Revisjon KO har valt å avgrense kontrollen til:

- ✓ Rekneskapsåret 2024.

Bordgleder Kinn kommune KF blir etter dette omtalt som Bordgleder KF.

1.3 Kriterium

1. Fører Bordgleder KF separat rekneskap for den konkurranseutsette verksemda
2. Blir kostnader mellom lovpålagt og den konkurranseutsette verksemda riktig allokert
3. Blir bruk av kommunale innkjøpsavtalar og prissetjing i den konkurranseutsette verksemda handtert riktig
4. Mottek Bordgleder KF bagatellmessig støtte

Kriterium er utleia frå:

- ✓ KS – Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll
- ✓ Bagatellmessig støtte -
<https://www.regjeringen.no/no/tema/naringsliv/konkurransepolitikk/regler-om-offentlig-stotte-listeside/bagatellmessig-stotte/id2412660/>

1.4 Metode

Revisjonen har i denne rapporten valt førespurnad til leiinga, inspeksjon av tilsendt dokumentasjon.

Vi har innhenta juridisk vurdering frå Samfunnsbedriftene kring tema som underlag for vårt arbeid.

2. Resultat av kontrollen

2.1 Fører Bordgleder KF separat rekneskap for den konkurranseutsette verksemda

KS – Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll

Det må som et minimum føres separate regnskaper, med korrekt fordeling av inntekter og utgifter i regnskapet, for å unngå kryssubsidiering mellom den skjermede og den konkurranseutsatte delen av virksomheten. Dette utelukker ikke i seg selv ulovlig offentlig støtte, men vil kunne gjøre virksomheten mer transparent og dermed gjøre det lettere å påvise at dette ikke skjer.

Rekneskapen for Bordgleder KF vert ført i Visma av kommunekassa. Inntekter og utgifter knytt til den konkurranseutsette verksemda skal førast på ein eigen funksjon for å skilja dette frå den øvrige rekneskapen. Den aktuelle funksjonen er 32000 Kommunal næringsverksemd.

I tilbakemeldinga frå rekneskapssjefen i Kinn kommune går det fram at funksjon 32000 ikkje gir eit korrekt bilete, då kostnader knytte til den kommersielle delen òg blir belasta andre funksjonar.

2.2 Blir kostnader mellom lovpålagt og den konkurranseutsette verksemda riktig allokert

KS – Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll

Prinsippet er at den konkurranseutsatte delen av selskapet som utgangspunkt skal kunne stå økonomisk på egne ben, selv må bære alle kostnader knyttet til virksomheten eller en forholdsmessig andel av kostnadene ved tjenester den har felles med den skjermede delen av virksomheten.

I samsvar med opplysningar frå dagleg leiar og rekneskapssjef, vert alle innkjøp som gjeld heile verksemda fordelte etter ein fordelingsnøkkel. Fordelingsnøkkelen vert revidert årleg i samråd med rekneskapsavdelinga, og ved årsslutt vert det gjort ei omfordeling av kostnadene dersom det er behov for det.

Revisjonen har fått førelagt følgande fordelingsnøkkel for perioden 2020-2024:

Rekneskapstala er kontrollert og stemmer med Visma.

Konto 165* og 178*	Regnskap 2024	Regnskap 2023	Regnskap 2022	Regnskap 2021	Regnskap 2020
23400 Aktiviserings- og serviceteneste til eldre og personer med funksjonsnedsettelse	- 4 044 293	- 6 200 131	- 4 652 548	- 1 180 488	- 3 478 117
25300 Helse og omsorgsteneste i institusjon	- 6 511 950	- 10 257 369	- 10 597 074	- 8 561 448	- 7 675 029
32000 Kommunal næringsvirksomhet	- 3 289 722	- 4 322 574	- 16 292 297	- 15 357 668	- 12 192 219
SUM	- 13 845 965	- 20 780 074	- 31 541 919	- 25 099 604	- 23 345 365
23400 Aktiviserings- og serviceteneste til eldre og personer med funksjonsnedsettelse	29,2 %	29,8 %	14,8 %	4,7 %	14,9 %
25300 Helse og omsorgsteneste i institusjon	47,0 %	49,4 %	33,6 %	34,1 %	32,9 %
32000 Kommunal næringsvirksomhet	23,8 %	20,8 %	51,7 %	61,2 %	52,2 %
	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %

Utgiftene ført i 2024 er fordelte som vist nedanfor. Revisjonen finn det vanskeleg å kontrollere fordelinga, då det ikkje går fram av fakturaene kva avdeling vara gjeld. Nokre fakturaer er førte berre på funksjon 32000, medan andre til dømes er førte på funksjon 23400 og 25300, eller fordelt på alle tre ved bruk av ein fordelingsnøkkel.

	Funksjon 32000	Rekneskapen totalt	Funksjon 32000 i % av totalt
Kto 10* løn	2 461 370	7 758 539	32 %
Kto 11*-13999 Kjøp av varer og tenester	4 138 636	8 818 173	47 %

I tråd med oversikta over er næringsverksemda og teneste 32000 belasta med 47 % av dei totale kostnadane, medan dei i samsvar med fordelingsnøkkelen skulle vore belasta med 24 %.

Ifølgje rekneskapssjefen vart intensjonen om å nytte fordelingsnøkkelen ikkje følgd opp i tilstrekkeleg grad for rekneskapen 2024.

2.3 Blir bruk av kommunale innkjøpsavtalar og prissetjing i den konkurranseutsette verksemda handtert riktig

KS – Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll

Selskaper som opererer i et marked i konkurranse med andre aktører, samtidig som de utfører kommunale- eller fylkeskommunale oppgaver som ikke skjer i konkurranse med andre, bør sørge for et skille mellom de to delene for å unngå brudd på reglene om offentlig støtte.

Det sentrale her er at selskapets konkurranseutsatte virksomhet ikke må subsidieres av offentlige midler ved at denne delen mottar fordeler, for eksempel i form av husleie under markedspris eller rimelig lån av personell og utstyr fra den skjermede delen av virksomheten. Slike fordeler kan innebære ulovlig krysssubsidiering av den konkurranseutsatte virksomheten, og er ikke tillatt.

2.3.1 Bruk av kommunale innkjøpsavtalar i den konkurranseutsette verksemda

Kommunale føretak som driv med næring, skal følgje vanlege marknadsreglar.

Dersom dei kjøper varer eller tenester gjennom kommunens avtalar – til dømes mat, transport eller IT-lisensar – må dei sjekke om dette gir ein fordel som andre bedrifter ikkje får.

For å kontrollere dette kan føretaket samanlikne prisar: hent éin eller to tilbod frå andre leverandørar og sjå om kommunens prisar er omtrent som marknaden. Føretaket må kunne vise at avtalen ikkje gir ein fordel.

Det er heilt greitt at den konkurranseutsette verksemda er billigast, så lenge kostnadane er fordelt rett og vilkåra er marknadsmessige.

Revisjonen har ikkje motteke dokumentasjon på at selskapet har samanlikna prisar for å dokumentere at avtalane ikkje gir ein fordel.

Tilbakemeldinga frå dagleg leiar :

«Når det gjelder kommunale foretak, følger det av kommuneloven § 9-1 andre ledd at disse er en del av kommunen. Altså åpenbart ikke et annet, men det samme rettssubjekt. At tilsvarende oppfatning må legges til grunn i forhold til anskaffelsesregelverket, følger av Ot.prp. nr. 53 1997/98 og er i tillegg lagt til grunn i departementets veileder og korrespondanse, samt i juridisk teori.»

2.3.2 Prising av varer i den konkurranseutsette verksemda

Statsstøtte skal ikkje føre til kunstig låge prisar som gjer at private bedrifter blir utkonkurrerte. Den konkurranseutsette verksemda må derfor kunne vise at salsprisane anten:

1. ligg på same nivå som marknaden, og at dette er dokumentert med gode referansar, eller
2. minst dekkjer alle kostnader med eit rimeleg påslag.

Dersom den konkurranseutsette verksemda får fordelar frå den kommunale delen – til dømes billegare innkjøp, gratis bruk av lokale eller utstyr, eller låge kapitalkostnader – må dette reknast inn slik at prisen blir sett etter vanlege marknadsvilkår.

I følgje svar frå dagleg leiar prisar dei varene sine etter sjølvkost.

2.4 Mottek Bordgleder KF bagatellmessig støtte

Dersom kommunen vil gi litt støtte, kan dei bruke ordninga for bagatellmessig støtte. Etter gjeldande regelverk kan eit føretak ta imot inntil EUR 300 000 over tre rekneskapsår, forutsett korrekt kumulering og registrering. Ordninga er snever og kan ikkje erstatte krava til korrekt prising og kostnadsallokering¹.

Vilkåra får å gi støtte er at det skal vere gjennomsiiktig og bereknebar. Døme : direkte tilskot, redusert husleige og garanti med klar verdi. Slik støtte skal registrerast i det nasjonale registeret for bagatellmessig støtte som trer i kraft 1. januar 2026.

					
16 Bordgleder Kinn kommune KF (2025) - År/Periode 2025 1 - 12					08.09.2025
	Regnskap 2024	Regnskap 2023	Regnskap 2022	Regnskap 2021	Regnskap 2020
Funksjon: 32000 Kommunal næringsvirksomhet					
Utgifter	6.677.050	7.812.116	17.450.120	15.208.237	13.854.354
Inntekter	-3.307.513	-4.387.067	-16.918.074	-15.507.163	-12.409.499
Sum funksjon: 32000 Kommunal næringsvirksomhet	3.369.537	3.425.049	532.045	-298.926	1.444.855

Oversikta ovanfor viser utgifter (konto 10000-15999) og inntekter (16000-19999) førte på funksjon 32000 kommunal næringsverksemd for perioden 2020–2024.

I denne perioden gjekk tenesta med overskot berre i 2021.

Det er vanskeleg å seie noko om bagatellmessig støtte. Dette då funksjon 32000 ikkje har vore ført på ein måte som gjer det mogleg å ta ut ein fullstendig rapport knytt til næring, og at det er knytt usikkerheit til bruken av fordelingsnøklane.

¹ <https://www.regjeringen.no/no/tema/naringsliv/konkurransepolitikk/regler-om-offentlig-stotte-listeside/bagatellmessig-stotte/id2412660/>

3. Tilbakemelding frå Bordgleder Kinn kommunen KF

- ✓ **Fører Bordgleder KF separat rekneskap for den konkurranseutsette verksemda**
Per i dag blir ikkje rekneskapen ført på ein slik måte at ein kan ta ut ein fullstendig rapport på funksjon 32000 Kommunal næringsverksemd. Bordgleder ser at det i dag ikkje er eit eintydig skilje mellom eksternt sal og Kinn kommune.
- ✓ **Blir kostnader mellom lovpålagt og den konkurranseutsette verksemda riktig allokert**
Føretaket vi ta i bruk ansvarsdimensjon i budsjett og rekneskap frå rekneskapsåret 2026 for å skilje mellom eksternt sal til andre, og sal til eigen kommune. I tillegg vil ein bruke fordelingsnøkkelen etter intensjonen.
- ✓ **Blir bruk av kommunale innkjøpsavtalar og prissetjing i den konkurranseutsette verksemda handtert riktig**
 - **Bruk av kommunale innkjøpsavtalar i den konkurranseutsette verksemda**
Føretaket meiner at dette ikkje utgjør ein konkurransefordel. Dersom Bordgleder var eit ordinært selskap, ville føretaket vore medlem av ei anna open innkjøpsordning. Det finst fleire slike som har større volum på matvarer enn INSS, mellom anna NHO sitt innkjøpssamarbeid for «horeca»-bedrifter.
 - **Prising av varer i den konkurranseutsette verksemda**
Føretaket har avtale med eit eksternt rekneskapsbyrå (frå nov-25) som har gjennomgått føretaket sine kalkylar for å sikre økonomien og dokumentere at prisene dekkjer full kost med rimelege påslag.
 - **Mottek Bordgleder KF bagatellmessig støtte**
Føretaket kan ikkje sjå å ha mottatt bagatellmessig støtte frå Kinn Kommune i 2024. Føretaket har mottatt overføringar for leverte varer og tenester til kommunen.

4. Våre funn

Revisjonen har avdekkja følgjande funn:

- ✓ **Fører Bordgleder KF separat rekneskap for den konkurranseutsette verksemda**
Pr i dag blir ikkje rekneskapen ført på ein slik måte at ein kan ta ut ein fullstendig rapport på funksjon 32000 Kommunal næringsverksemd.

I tilbakemeldinga frå Bordgleder blir det informert om at Bordgleder ser at det i dag ikkje er eit eintydig skilje mellom eksternt sal og Kinn kommune.
- ✓ **Blir kostnader mellom lovpålagt og den konkurranseutsette verksemda riktig allokert**
Fordelingsnøkkelen vart ikkje nytta i samsvar med intensjonen for rekneskapen 2024.

I tilbakemeldinga frå Bordgleder blir det informert om at det frå 2026 vil bli teke i bruk ansvarsdimensjon for å skilje mellom eksternt sal til andre og sal til eigen kommune. I tillegg vil ein nytte fordelingsnøkkelen i samsvar med intensjonen.

✓ **Blir bruk av kommunale innkjøpsavtaler og prissetjing i den konkurranseutsette verksemda handtert riktig**

- **Bruk av kommunale innkjøpsavtaler i den konkurranseutsette verksemda**

Revisjonen har ikkje fått førelagt dokumentasjon frå Bordgleder KF som stadfestar at det er gjennomført prissamanlikning for å vurdere om dei innkjøpsavtalane som vert nytta, inneber ein selektiv økonomisk fordel.

I tilbakemeldinga frå Bordgleder blir det informert om at dei meiner at dette ikkje utgjør ein konkurransefordel da andre innkjøpsordninga som til dømes NHO har større volum på matvarer.

- **Prising av varer i den konkurranseutsette verksemda**

Dagleg leiar opplyser at dei prisar sine varer etter sjølvkost. Det føreligg ikkje dokumentasjon på at prisane ligg på marknadsnivå eller dekker full kost med eit rimelege påslag.

I tilbakemeldinga frå Bordgleder blir det informert om at føretaket frå nov-25 har avtale med eit eksternt rekneskapsbyrå som gjennomgår føretaket sine kalkylar for å sikre økonomien og dokumentere at prisane dekker full kost med rimelege påslag.

- **Mottek Bordgleder KF bagatellmessig støtte**

Det er vanskeleg å seie om Bordgleder KF har motteke bagatellmessig støtte i 2024, då funksjon 32000 ikkje har vore ført på ein måte som gjer det mogleg å ta ut ein fullstendig rapport knytt til næring, og at det er knytt usikkerheit til bruken av fordelingsnøklane.

I tilbakemeldinga frå Bordgleder blir det informert om at føretaket ikkje kan sjå å ha motteke bagatellmessig støtte frå Kinn Kommune i 2024. Føretaket har motteke overføringar for leverte varer og tenester til kommunen.